

---

Saksnr: 2020/36264-23  
Saksbehandlar: Åge Avedal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.02.2021

## Klage på avslag om tilskot 2020, UngVest

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 169/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem / Rasmussen og Broch ANS, vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda i Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Samandrag

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem ved Rasmussen og Broch ANS. Klagen gjeld vedtak om avslag på søknad om tilskot til drift av UngVest. Klagen vart motteken 12. januar 2021. Advokat Haahjem søkte på vegne av UngVest om utvida klagefrist, og klagen er motteken innan ny frist.

Etter ei ny og samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 25. november 2020, der søknaden fekk avslag.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef kunst- og kulturutvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Klage fra UngVest 12.01.2021
- 2 KULLII-sak 25.11.2021: Søknad om driftstilskot, UngVest
- 3 UngVest Revidert søknad om driftsmidler 2020
- 4 UngVest Budsjett 2020
- 5 UngVest Årsmelding og rekneskap med revisjonsberetning 2019
- 6 Protokoll ekstraordinært årsmøte 16.04.2020 - signert
- 7 Referat medlems-/årsmøte UngVest 22.02.2020
- 8 Årsmøtedokument, februar 2020
- 9 Referat frå møte mellom UngVest og Vestland fylkeskommune 29. september 2020
- 10 Referat frå møte mellom Vestland fylkeskommune og UngVest
- 11 Referat frå møte mellom Vestland fylkeskommune og UngVest
- 12 Referat budsjett og rapporteringsmøte mai 2019 - UngVest
- 13 Notat, sladda versjon - kontroll av tilskotsmottakar UngVest

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

UngVest er paraply for barne- og ungdomsorganisasjonar på Vestlandet, og søkte om tilskot til drift i november 2020. Organisasjonen fekk avslag på søknad om tilskot til drift i 2020 gjennom fylkestinget sitt budsjettvedtak i 2019. UngVest søkte på nytt om tilskot i januar 2020, og sendte inn revidert / fornya søknad i november 2020.

I mars 2020 blei det sett i gang kontroll av tilskotsmottakar UngVest. Kontrollen vart gjennomført av Deloitte, og notat frå denne vart lagt fram i september. Notatet etter kontrollen vart tatt med i vurderinga av søknaden som vart handsama i hovudutvalet i møte 25. november 2020. UngVest fekk avslag på søknaden om driftstilskot i dette møtet, og klagar no på vedtaket.

### Innhald i klagen

Klagen frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem, er grunngjeven med at det er forhold som er misvisande og at det er gjort feil i sakshandsaminga fram til vedtak. UngVest skriv i klagen at søknaden UngVest sendte i 2019, som gjeld driftstilskot i 2020, ikkje vart sett fram til politisk handsaming av administrasjonen. Det blir vidare vist til fleire møte mellom UngVest og administrasjonen i fylkeskommunen der tilskot har vore tema, og der det i følgje klagar er kome lovnader om tilskot. Klagar skriv at det ikkje er sendt ut referat frå møta mellom UngVest og fylkeskommunen, men at det finst bevis for fylkeskommunen sine uttalar om tildeling via lydbandopptak frå enkelte møte.

Klagar skriv at fylkesadministrasjonen tok over kontrollen av årsmøtet i UngVest i februar 2020, og medverka til at møtet vart underkjent. Vidare skriv klagar at fylkesadministrasjonen medverka til at det blei gjennomført val i strid med vedtektene på ekstraordinært årsmøte i april 2020. UngVest stiller spørsmål ved habiliteten til administrasjonen sin observatør med talerett på desse møta.

I klagen peikar UngVest på feil og manglar ved notatet som er utarbeidd av Deloitte i samband med kontroll av tilskotsmottakar. Kritikken mot notatet handlar m.a. om mandatet for Deloitte sitt oppdrag, at aktiviteten har vore forankra i medlemsorganisasjonane gjennom årsmøte og at Deloitte har utarbeidd eit notat og ikkje ein rapport. UngVest skriv i klagen at notatet er unnateke offentlegheita, men at administrasjonen og politikarar likevel har gitt informasjon til pressa.

Klagar skriv at om administrasjonen hadde ønskje om å stanse utbetalingar på grunnlaget som er gjort no, ville det vore naturleg å gjere det allereie i 2017, 2018 eller 2019. Det blir også peika på at UngVest ikkje kunne ha drive organisasjonen i 2020, dersom ikkje lovnad om midlar hadde kome fram fleire gongar i 2019 og 2020.

### Grunngjeving for avslag

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 169/2020, i møte 25. november 2020: «Hovudutval for kultur, idrett og integrering innvilgar ikkje driftstilskot til UngVest i 2020.»

I fylkesdirektør sin konklusjon i saka står følgjande, som ei oppsummering av grunngjevinga for avslag:

UngVest søker om driftstilskot på 860 000 kr i 2020. Det er i budsjettet for 2020 ikkje sett av midlar til tilskot utanom utlyste tilskotsordningar. I mars 2020 vart det sett i gang kontroll av UngVest som mottakar av tilskot. I notatet frå Deloitte, som har gjennomført kontrollen, kjem det fram opplysningar som kan tyde på at UngVest ikkje har hatt ei drift som sikrar at tilskotsmidlar har blitt nytta i samsvar med føresetnader og krav knytt til tilskotstildelinga. Fylkesdirektøren ser at UngVest har økonomiske utfordringar knytt til drifta, men vil tilrå at det ikkje blir løyvd driftstilskot til UngVest i 2020.

### Innhald i søknaden

UngVest sendte inn fornya søknad om tilskot til drift i november 2020. Organisasjonen søkte då om 860 000 kr. I søknaden skreiv UngVest at dei har gjennomført store reduksjonar i kostnadene i 2020, men at koronasituasjonen har gjort det vanskeleg å skaffe ekstra inntekter. UngVest viser i søknaden til utgifter knytt til personal, kontor og juridisk bistand. UngVest budsjetterte med prosjektmidlar frå Erasmus+/ESC (EU-midlar til utvekslingsprosjekt), samt utgifter knytt til dette. Den største enkeltposten på utgiftssida var personalkostnadar, m.a. uteståande løn til dagleg leiar i 2019 og fram til mars 2020, samt personalkostnader knytt til stillinga som organisasjonssekretær. Det var budsjettert med refusjon frå NAV knytt til 60 % av organisasjonssekretær si stilling.

UngVest har frå rekneskapsåret 2019 uteståande fordringar på 350 000 kr, som er tatt inn i budsjettet for 2020.

UngVest skreiv i søknaden at organisasjonen er avhengig av tilskot i 2020 for å dekke uteståande utgifter, og ikkje vil ha utgifter knytt til kontor eller personale etter 31.12.2020. UngVest skreiv i søknaden at dei håpa at ei løysing på utgiftsproblema ville medverke til at årsmøtet 2021 kunne ta eit reelt val med tanke på nedlegging av organisasjonen. UngVest foreslo at delar av summen dei søkte om kunne løyvast som lån etter avtale med fylkeskommunen.

### Melding om konkursopning

Bergen tingrett sendte 1. desember 2020 ut melding om konkursopning i buet til UngVest. Fordringar til buet kunne meldast til bubestyrar innan 5. januar 2021, og det vart varsla skiftesamling i buet 11. februar 2021.

### Vurdering av klagen

Ved vurderingar av klage som gjeld tilskot ser fylkeskommunen på tre forhold spesielt:

- Om det er gjort formelle feil i handsaminga av søknaden.
- Om det er utøvd rett skjønn i vurderinga av søknaden.
- Om det er kome til nye opplysningar i saka.

UngVest peikar gjennom klagen på forhold dei meiner er feil i sakshandsaminga. Det står i klagen at driftssøknaden UngVest sendte inn i 2019 ikkje vart lagt fram til innstilling og behandling av administrasjonen. Dette er ei misforståing frå UngVest si side. Alle søknader om tilskot til drift 2020 er handsama som del av budsjettprosessen i Vestland fylkeskommune. Dette gjeld også UngVest sin søknad. Administrasjonen innstilte på å ikkje løyve midlar til UngVest etter å ha handsama søknaden. Innstillinga vart vedtatt i fylkestinget under handsaminga av budsjett for 2020 i møte i fylkestinget i desember 2019. Årsaka til at administrasjonen innstilte på å avslå søknaden var mellom anna at UngVest ikkje hadde lagt ved årsmelding og rekneskap for føregående år, noko retningslinjene krev. UngVest vart kalla inn til budsjett- og rapporteringsmøte med fylkesadministrasjonen 10. mai 2019 (sjå vedlagt møtereferat). Til møtet vart UngVest på ny bedt om å legge fram årsmelding og rekneskap frå 2018, men dette vart ikkje gjort. Møtet vart derfor avlyst. Etter dette vart det ikkje sendt inn nye dokument frå UngVest som skulle følgje søknaden om tilskot.

Klagar skriv at det ikkje er sendt ut referat etter møta mellom UngVest og fylkesadministrasjonen. Det er sendt ut referat etter alle møta mellom UngVest og fylkesadministrasjonen i 2019 og 2020. Dette gjeld møta 10. mai 2019, 22. januar 2020, 12. februar 2020 og 29. september 2020. Alle referata ligg som vedlegg til denne saka. Referat frå møtet i 2019 er sendt dagleg leiar på e-postadressa [post@ungvest.no](mailto:post@ungvest.no). Referata frå møta i januar, februar og september 2020 er sendt til organisasjonssekretær på e-postadressa [post@ungvest.no](mailto:post@ungvest.no) og til noverande styreleiar på e-postadressa [oeram@online.no](mailto:oeram@online.no). Referatet frå møtet i september 2020 er i tillegg sendt til deltakarane frå arbeidsgruppa i UngVest, som også deltok på dette møtet. Referata frå dei to første møta i 2020 er sendt ut 18. mars. Dette fordi ein venta på tilbakemelding frå UngVest på førebels utsende referat. Tilbakemeldingar til dei to referata vart sendt fylkeskommunen etter møtet 12. februar, og dermed vart referata gjort ferdig og sendt ut noko seint.

Klagar skriv at fylkeskommunen ved administrasjonen har kome med lovnader om driftsmidlar i 2020. I møta i januar og februar 2020 vart spørsmålet om driftsmidlar diskutert, og at det vart frå administrasjonen si side slått fast at det er sett av budsjettmidlar (i posten Ymse barne- og ungdomsføremål), og at det ville bli gjort politisk vedtak før sommaren 2020. Dette kjem fram av dei to referata frå møta. I mars 2020 valde Vestland fylkeskommune å sette i gang kontroll av tilskotsmottakar UngVest. Kontrollen vart gjennomført av Deloitte, og notat frå denne vart lagt fram i september. Fylkesdirektøren valde derfor å vente med vedtak knytt til søknaden om tilskot. UngVest vart oppmoda om å sende inn fornya søknad med revidert budsjett og arbeidsprogram, som følgje av vedtak gjort i ekstraordinært årsmøte i april 2020, og arbeidet i ei arbeidsgruppe som vart sett ned for å sjå på drifta og økonomien i organisasjonen. UngVest sendte derfor ny søknad i november og denne vart handsama i møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25. november. Hovudutvalet vedtok då å avslå søknaden, mellom anna på bakgrunn av notatet frå Deloitte.

UngVest kjem i klagen med kritikk av notatet frå Deloitte. Fylkesdirektøren viser til at Deloitte gjennom prosessen og metodikk har følgd god forvaltningsskikk. Dette inneber m.a. å gje høve til tilsvar. Deloitte har som følgje av dette gitt representantar i UngVest høve til å kommentere notatet før det vart ferdigstilt, og notatet inneheld to vedlegg frå representantar i UngVest.

Det står vidare i klagen at notatet er unntatt offentlegheita, men at opplysningar frå notatet likevel er gjort offentlege, m.a. i pressa. Fylkesdirektøren vil peike på at når det gjeld interne notat, eller notat henta utanfrå for den interne saksførebuinga, så har det offentlege organet *høve*, ikkje plikt, til å unnta notatet frå innsyn, dersom vilkåra for unntak er oppfylte. *Plikt* til å unnta noko er knytt til teiepliktige opplysningar, jf. t.d. forvaltningslova, § 13 (opplysningar om personlege forhold, eller forretningshemmelegheiter). Fylkeskommunen har gjort ei grundig vurdering av kva vi vurderer som teiepliktige opplysningar i dokumentet, og det er ein sladda versjon av dokumentet som er levert ut til media og andre som har tatt kontakt for å få oversendt notatet.

Klagar skriv at observatør frå fylkeskommunen på årsmøtet 22. februar 2020 medverka til at møtet vart underkjent. Protokoll frå årsmøtet 22. februar (som vart gjort om til medlemsmøte) er lagt ved saksframlegget. Av denne kjem det fram at medlemene i møtet med stemmerett samrøystes vedtok å ikkje godkjenne innkallinga til årsmøtet, då det var manglar i innkallinga og sakspapira. Dei røysteføre i møtet endra møtet til eit medlemsmøte. Det kjem også fram av referatet at representantane frå fylkeskommunen hadde talerett i møtet. Representantane frå fylkeskommunen hadde også talerett under ekstraordinært årsmøte 16. april, jf. vedlagte referat. I klagen skriv UngVest at fylkeskommunen sin observatør medverka til at valet vart gjennomført i strid med vedtektene under møtet. I referatet frå møtet under sak 8: Val, er det ikkje referert til at representantane frå fylkeskommunen tok ordet i saka, og valet vart gjennomført blant representantane med stemmerett i møtet.

Klagar skriv at det ville ha vore naturleg å stanse utbetalingar til organisasjonen på eit tidlegare tidspunkt, om fylkeskommunen vil gjere dette på det grunnlag som er gjort no. Vidare skriv klagar at det har vore tett dialog mellom Hordaland fylkeskommune og UngVest i åra før 2020, og at UngVest derfor kunne ha blitt varsla om at dei for seinare år ikkje ville få støtte. I klagen skriv UngVest at organisasjonen ikkje kunne ha hatt drift i 2020 om ikkje lovnader om midlar hadde kome ved fleire høve i 2019 og 2020. Fylkesdirektør ser at fylkeskommunen kunne ha vore tydelegare i sine forventningar knytt til tilskotet til UngVest på tidlegare tidspunkt. Organisasjonen fekk avslag på søknad om driftsmidlar for 2020 av fylkestinget i desember 2019. Dette var eit tydeleg varsel om at det låg an til endringar i støtta. Det vart sett i gang kontroll av tilskotsmottakar i mars 2020 for å fram eit tydelegare bilete av korleis UngVest hadde drifta organisasjonen og nytta tilskotsmidlane. I notatet frå Deloitte blir det peika på fleire uheldige forhold ved drifta av organisasjonen dei seinare åra. Det som kom fram i notatet var avgjerande for vedtaket i hovudutvalet i november 2020, der søknaden om tilskot til drift i 2020 vart avslått.

Fylkesdirektør kan på bakgrunn av dette ikkje sjå at det er gjort formelle feil i handsaminga av søknaden som vart sendt inn i november 2020. Fylkesdirektør meiner det er utøvd rett skjønn i vurderinga av søknaden, der notatet frå Deloitte etter kontrollen av UngVest har hatt avgjerande verknad i sakshandsaminga. Fylkesdirektør ser heller ikkje at UngVest, ved advokat Gunnar A. Haahjem, har kome med nye opplysningar som gir grunnlag for å endre vedtaket i saka.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 3.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket vil ikkje få økonomiske konsekvensar.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem. Klagen gjeld vedtak om avslag på søknad om tilskot til drift av UngVest i 2020. I klagesaker ser fylkesdirektør på om det har blitt gjort formelle feil i handsaminga av søknaden, om det er utøvd rett skjønn i vurderinga av søknaden og om det er kome inn nye opplysningar i saka.

Etter ei ny og samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 25. november 2020, der søknaden fekk avslag.